

Hytterrenovasjon ...

Heller ikkje denne sommaren har vi unngått å få meldingar om overfylte hyttedunkar og hyttecontainerar som er fulle av bygningsmaterial, elektriske artiklar og liknande.

IHM har i sine kommunar eit tett nett av dunkar og containerar for hytter og fritidsbustader. Desse vert tømt på faste ruter. Om sommaren og i alle ferier og høgtider vert det og køyrd ekstra ruter. Miljøstasjonane held faste opningstider heile sommaren igjennom. Likevel opplever vi at enkelte hyttepunkt vert misbrukt.



- Dersom fastbuande ikkje har plass til avfallet i eigne dunkar, må dei gå over til større abonnement, kjøpe ekstra sekk (kr. 40 på kundetorget/miljøstasjonen) eller levere på miljøstasjonen. Hyttecontainerane er kun for hytteabonnentar og deira hushaldsavfall.



- ei utfordring

Klassisk døme på misbruk av mottakspunkt for hytterrenovasjon.

- Hytteabonnentar som har bygge- og riveavfall, impregnert treverk, farleg avfall, elektrisk - og elektronisk (EE) - avfall og større gjenstandar må levere dette til miljøstasjonen! Dette er viktig for at alle hytteabonnentar skal få den tenesta dei har betalt for. Farleg avfall og EE -avfall inneheld og miljøgifter som ikkje skal i restavfallet!

Det er viktig at avfallet vert plassert oppi containerane. Vi opplever stadig at det vert sett avfall utanfor containerar som ikkje er fulle. Då er det lett for neste-

mann å tru at containeren er full og halde fram med å plassere avfallet på utsida.

Dersom du registrerer at hyttecontainerane vert nytta av fastbuande eller verksemder, ber vi om at du tek kontakt slik at vi kan ta det opp med dei det gjeld, og prøve å hindra at det gjentek seg.

Liste over alle punkt for hytterrenovasjon finn du på www.ihm.no eller du kan ringe IHM på tlf. 56 52 99 00. Voss og Hardanger kling av vakker natur. Lat alle som ferdast i vår region få ei "rein oppleving".

Småelektronikk-kampanje i haust

Spørjeundersøkingar har vist at store deler av befolkninga har behov for informasjon om kva produkt som inneheld helse- og miljøfarlege stoff og kva skadar desse stoffa kan gjere dersom dei ikkje vert teke hand om på forsvarleg vis.

I haust vert det satsa for fullt på ein nasjonal kampanje som fokuserer på farleg avfall som finst i t.d. mobiltelefonar, iPod, hårfønarar, blinkesko, leiker som går på batteri og liknande. Kampanjen er eit samarbeid mellom Avfall Norge, Miljøverndepartementet, SFT, dei store returselskapa og lokale avfallsselskap over heile landet. Mange av dei store forhandlarkjedene har og signalisert at dei ønskjer å ta aktivt del i kampanjen.

IHM støtter denne miljødugnaden og vil setje fokus på informasjon om, - og innsamling av småelektronikk. Sjå annonsering i lokalavisa, gå inn på www.operasjonduppeditt.no, eller kontakt oss på tlf. 56 52 99 00 / e-post: ihm@ihm.no.



Tøft med blinkesko!
- Men fulle av miljøgifter vert dei EE-avfall